

Trygg og framtidsretta



Kommuneplan 2011 - 2022

Vedtatt av kommunestyret 21. juni 2011



Time kommune

INNHOLD

1. INNLEIING	4
2. RAMMER FOR PLANARBEIDET	7
3. SAMFUNNSDEL - Time Kommune - Trygg og framtidsretta	8
Time for alle	8
Livsglede og kultur	10
Trygg i nærmiljøet	12
Utvikling	14
4. ENERGI OG KLIMA	16
5. FOLKEMENGD OG AREALBEHOV	18
6. AREALDEL	24
6.0 Bustadbygging	25
6.1 Langsiktig arealbruk	26
6.2 Re	27
6.3 Tettstadene	29
6.4 Arealrekneskap	30
6.5 Samfunnssikkerheit	33
6.6 Naturforvalting	33
6.7 Samferdsel	35
6.8 Helse i planlegging	35
6.9 Barn og unge	36
7. UTFYLLANDE FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL	37

Konsekvensutgreiing med risiko- og sårbarheitsanalyse, er tilgjengelig som eige dokument

Time kommune ligg midt på Jæren, om lag tre mil sør for Stavanger. I nord og vest grensar kommunen til Klepp, i nordaust til Sandnes, i aust til Gjesdal og Bjerkreim og i sør til Hå.

Kommunen har eit areal på 182 km². Av dette er 13 km² vatn og 73 km² jordbruksareal. Ved årsskiftet 2010/2011 var det 16 450 innbyggjarar i Time kommune.

Jordbruk, industri, privat og offentleg tenesteyting er hovudnæringer. Bryne er ”byen på Jæren”, like ved Fv 44. Bryne Torg med statuen av diktaren Arne Garborg ligg i den austlege enden av Storgata og kulturhuset Bryne Mølle i den vestlege. Aust for jernbanelinja ligg kulturhuset Storstova på Jæren, like ved Time rådhus.

Andre tettstader i kommunen er Lyefjell, Kvernaland, Undheim og Hognestad.

I grove trekk kan me seia at det er to landskapstypar i kommunen. I den vestre delen finn me det typiske flate jærlandskapet med si gode jordbruksjord. Mot aust finn me eit kupert og variert heilandskap med lynghei, beiteland og talrike vatn og bekker innimellan.

Time er den fjerde største landbrukskommunen i Rogaland.

Kommunenamnet Time tyder truleg ei våt natureng eller beitemark. Mange kultur- og fornminne minner om tidleg busetnad. Ingen andre stader i Rogaland er det gjort så rike gullfunn som i Time.

TIME KOMMUNE - TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

Kommunen (politikarar, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde) skal vera prega av:

- Ansvar
- Engasjement
- Gjensidig respekt
- Optimisme

MÅL

Innbyggjarane/brukarane:

Rett teneste til rett tid

Medarbeidarane:

Stolte og kompetente medarbeidarar

Samfunn/miljø:


Alle bryr seg og tek ansvar for framtida

Økonomi:

Sunn økonomi som sikrar måloppnåing

KJENNETEIKN FOR ALLE LEIARAR I TIME KOMMUNE

- Tek ansvar for heilskapen og samarbeider
- Synleg og tydeleg leiing
- Verdi og kulturbyggjar
- Kommuniserer ope og aktivt
- Er brukar-, mål- og handlingsorientert
- Motiverer, skaper trivsel og gjer kvarandre gode





INNLEIING

Kommunestyret vedtok kommuneplan for Time 2011–2022 i sak 024/11.

Kommuneplanen for 2011 - 2022 inneholder ein samfunnsdel og ein arealdel. Planperioden strekkjer seg over 12 år. Planen kan bli vurdert på nytt kvar kommunevalperiode for å sjå om det er nødvendig å gjera endringar. Samfunnssdelen og tema i arealdelen er retningsgjevande for kommunen si vidare planlegging. Arealdelen med utfyllande føresegner er juridisk bindande for kommunen si forvalting av areal og andre naturressursar, og trekkjer elles opp dei store linjene for kommunen si fysiske utvikling.

Strukturen i kommuneplansystemet





Kommuneplanen er ein overordna, meir grovmaska plan, som gjerne krev meir detaljert planlegging, som t.d. planar for spesielle tema eller arealplanar for geografiske område. Av nyare planar, som anten er vedtatt eller under arbeid, kan me nemna:

- Landbruksplan for Time kommune 2010 - 2021
- Kommunedelplan for Frøyland/Kverneland 2008 - 2020
- Kulturminneplan Time kommune 2008 - 2019
- Kulturplan for Time kommune 2008 - 2012
- Kommunedelplan for Bryne sentrum 2007 - 2018
- Interkommunal kommunedelplan for Bybåndet Sør
- Strategiplan for Omsorg 2008 - 2020
- Strategiplan for tenesteområdet Oppvekst 2008 - 2012
- Kommunedelplan for energi og klima i Time kommune 2011-2022

Gjennom økonomiplanen skal strategiar, mål og tiltak frå kommuneplanen og delplanar omsetjast til konkrete handlingar innanfor ein fireårsperiode, i første omgang avgrensa til prioriterte rammer i årlege budsjett. Tertiairrapportar og årsrapportar skal nyttast som reiskap for kurskorrigering, læring og oppfølging i forhold til planlagt verksemrd. Det er ei stor utfordring å få til heilskap og samanheng mellom kommuneplanen som overordna planverktøy, og dei ulike delplanane og økonomiplanen som verktøy for prioritering og ressurstildeling. Tilbakerapportering om oppnådde resultat i forhold til mål og intensjonar i overordna planar, økonomiplanar og delplanar byr på liknande utfordringar.

5



Vipa er motivet i Time sitt komunevåpen. Vipa er eit sikkert våteikn og eit symbol på optimisme og pågangsmot.

“...Våren var komen;
nordvesten tok si tyngjande hand bort frå landet
og alt livna opp ...
Ungane kom heim frå mark og myr,
så glade at dei lo :-
“Vibå æ komen! Mor, vibå æ komen!”

(Frå Fred av Arne Garborg)





Hovudtema i samfunnsdelen

Time kommune – trygg og framtidsretta er tematisk overbygg for samfunnsdelen og har følgjande undertema:

- Time for alle
- Livsglede og kultur
- Trygg i nærmiljøet
- Utvikling

Valde tema peikar på kva som kan vera hovudutfordringane i Time i kommuneplanperioden. Kommunen kan bare i avgrensa grad styra utviklinga, men kommunen kan leggja tilhøva til rette for å stimulera til dei positive prosessane. Samhandling, samråd og partnarskap går igjen i fleire tema. Me er på sok etter kva som er samlande og byggjande, slik at me får til eit spleislag som fremjar ei positiv utviklingsretning for kommunen. Arealplankartet som ligg til grunn for arealdisponeringa i komande kommuneplanperiode skal nyttast som geografisk kartunderlag i ulike former for detaljplanlegging.

Planprosessen

I arbeidet med kommuneplanen har me lagt opp til ein planprosess ut frå ønske om tidleg medverknad frå, og samråd med, enkeltpersonar, grupper, statlege- og fylkeskommunale styremakter. Fleire grunneigargrupper har hatt møte med det politiske arbeidsutvalet og administrasjonen før forslag er lagde inn i høyringsversjonen til arealdelen. Barn- og unges kommunestyre har gitt innspel til planprogrammet. Statlege og fylkeskommunale styremakter er trekte aktivt med i oppstarten av planprosessen og i midtfasen, før arbeidet med høyringsutkastet byrja å ta form og før planen blei vedtatt. Time formannskap har vore kommuneplanutval. Det har vore lagt opp til fleire

avklaringsmøte med utvalet om arealbruksforslag under vefs i arbeidet med planen.

Utkast til planprogram og kunngjering av oppstart for planarbeidet blei vedtatt av kommuneplanutvalet i sak 04/09.

Planprogrammet hadde hovudfokuset på:

- Folkemengd og arealbehov
- Langsiktig arealbruk
- Tettstadene
- Re
- Samferdsel
- Naturforvalting
- Energi og klima
- Helse i planlegging
- Samfunnstryggleik
- Barn og unge

Planprogrammet blei sendt ut på høyring til aktuelle styremakter, grupper og enkeltpersonar. Mens planprogrammet var ute på høyring, blei det arrangert folkemøte for krinsane Undheim, Vestly/Lyefjell og Hognestad/Re. Innkomne merknader til planprogrammet blei vurderte før Time kommunestyre vedtok i møtet 15. juni 2010 å senda planutkastet ut på høyring. Etter at høyringsutkastet av planen blei lagt ut til offentleg ettersyn, blei nye folkemøte arrangerte.

Innkomne merknader til høyringsutkastet blei vurderte og dialogmøte om eit utval motsegner og utfordringar elles i sluttfasen av arbeidet blei arrangerte med representantar frå landbruksavdelinga, miljøavdelinga hos fylkesmannen og planavdeling i fylkeskommunen.

Grunneigarmøte og ulike møte med interessentgrupper og enkeltpersonar blei arrangerte før kommunestyret i Time vedtok kommuneplanen for Time 2011-2022 den 21. juni 2011.

2. RAMMER FOR PLANARBEIDET

Vedtak i arealsaker ligg til kommunestyret. Men både statlege og fylkeskommunale instansar har innverknad på den lokale arealforvaltinga. Nasjonal politikk med tiltak og forventingar til kommunane, blir m.a. formidla gjennom regionale planstrategiar, nasjonale forventningar og stortingsmeldingar. På fylkesnivå skal nå regionale planstrategiar samordna arealbruken innanfor fylkesgrensa i plassen for fylkesplan og fylkesdelplanar. Avvik frå nasjonale forventningar og regionale planstrategiar om arealbruk kan gi grunnlag for motsegner mot kommunale arealplanar.

<p>Fylkesplan for Rogaland 2006 - 2009</p> <p>Fylkesplanen er det overordna strategiske og politiske dokument for fylkeskommunen og er førande for anna sektoriell og tverrsektoriell planlegging. Fylkesplanen har fire hovudsatsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none">• Konkurranseevne• Kompetanse• Kommunikasjon• Kvalitet.	<p>Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren</p> <p>Fylkesdelplanen legg opp til retningslinjer for planlegginga i kommunane på Jæren. Hovudpunktene går på:</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis sentra i byar og tettstader skal styrkjast• Korleis gode leve- og oppvekstmiljø skal fremjast• Vern av ikkje-fornybare arealressursar• Effektiv arealbruk.
<p>St. meld. nr. 19: Om norsk landbruk og matproduksjon</p> <p>I samsvar med samfunnet sitt behov, skal landbruket produsera:</p> <ul style="list-style-type: none">• Helsemessig trygg mat av høg kvalitet• Andre varer og tenester med utgangspunkt i næringa sine samla ressursar• Fellesgode som livskraftige bygder, eit breitt spekter av miljø- og kulturgode og ei langsiktig matsforsyning.• Miljøforsvarleg jordbruk og vern av dyrka og dyrkbar jord står sentralt.	<p>St. meld. nr. 34: Norsk klimapolitikk</p> <ul style="list-style-type: none">• Systematisk arbeid for energiøkonomisering og tiltak som reduserer utslepp av klimagassar• Omlegging til auka bruk av fornybare energikjelder til ulike formål.
<p>St.meld. nr. 16: Resept for eit sunnare Noreg - Folkehelsepolitikken</p> <p>Strategiar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Endra samfunnet i ei retning som legg grunnlaget for optimal helse• Appellera til individet om å ta vare på helsa gjennom sunne levevanar.	<p>Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging</p> <p>Planlegging av utbyggingsmønster og transportsystem bør samordnast for å oppnå:</p> <ul style="list-style-type: none">• Effektiv, trygg og miljøvennlig transport• Klare grenser mellom byggjeområde og LNFR – område• Auka bruk av kollektive transportmidde.



3. SAMFUNNSDEL - TIME KOMMUNE - TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

Time er ein attraktiv kommune å etablera seg i, og folkeveksten ligg på eit høgt nivå samanlikna med andre norske kommunar. Jærregionen er i dag prega av vekst, men står overfor store utfordringar om rammevilkåra for industri, landbruk, olje og gass skulle bli endra. Det vil vera viktig å ha fokus på samferdsle og kollektivtransport, bustad- og næringsutvikling, og tilgang på nødvendig arbeidskraft i framtida.

Eit anna fokus er å sikra at den beste jordbruksjorda i landet framleis blir nytta til matproduksjon. Mange av desse utfordringane må løysast nasjonalt og regionalt. Denne planen legg hovudvekt på oppgåver som blir løyste lokalt.

Me ønskjer ei samfunnsutvikling i Time der alle bryr seg og tek ansvar for framtida. Time sin identitet skal vera tufta på jærsk kultur. Time er ein kommune med både bygd og by, der bygdene står fram med eigen identitet, samstundes som Bryne utviklar seg som by. Time er kjent for næringsutvikling og gründerverksemeld tufta på den lokale kulturen, der nøysemd og skaparevne spelar ei viktig rolle.

Livsglede og optimisme saman med dugnadsånd, arbeidsmoral og kreativitet er sentrale verdiar for innbyggjarane i kommunen. Kommunen har lokalsamfunn med sterke sær preg, der lokal kultur og identitet skaper samkjensle og tryggleik. Aktiviteten rundt skulane spelar ei viktig rolle. Lag og organisasjonar er sterke pådrivarar for utviklinga av samfunnet, og dannar viktige møteplassar for folk. Stor optimisme i næringslivet stimulerer til vekst og nytenking. Samstundes er det viktig å dreia utviklinga i berekraftig retning, og forvalta ressursgrunnlaget i vid meining slik at komande generasjonar ikkje får dårlegare levekår

og muligheter

Det er viktig å halda fram arbeidet med å gjera Time kommune tilgjengeleg for flest mogleg. Universell utforming er ein viktig strategi i dette arbeidet og for den vidare utviklinga av kommunen.

TIME FOR ALLE

Time i framtida:

I Time blir innbyggjarar og gjester møtte med respekt og likeverd. Bustadområde og fellesarenaer er tilrettelagde slik at innbyggjarane kan bu i eigen heim lenge, og nytta fellesareal til å vera aktive ut frå eigne føresetnader. Samarbeid og dugnadsinnsats skaper fellesskap som gir grunnlag for tryggleik og trivsel for alle.

Bryne er eit tilflyttingsområde i sterk vekst. Eigen kultur og identitet står sterkt, samstundes som arbeidet for eit fleirkulturelt og inkluderande samfunn står sentralt.

Kommunen er opptatt av universell tilrettelegging i planarbeidet. Dette gjeld mellom anna ved planlegging av publikumsbygg, turområde/friområde, bustadområde, vegar og tiltak langs kollektivtransportaksane. Mange eldre i kommunen er knytte til heimstaden sin, og ønskjer å bu der heile livet. Tilrettelagde bustadområde, fellesareal, offentlege tenester og kollektivtransport kan vera med på å realisera dette.

Time arbeider målretta for å skapa trygge og varierte arenaer for ungdom. Dette gjer at kommunen har mange fritidstilbod for barn og unge med ulike behov.



Utfordringar:

- Utvikla toleranse og respekt med grunnlag i lokale tradisjonar og identitet
- Bruka det kulturelle mangfaldet til ei positiv utvikling av samfunnet
- Utvikla fleksible offentlege tenester av god kvalitet tilpassa innbyggjarane sine behov
- Leggja bygg, uteområde og vegar fysisk til rette for alle.

Dette ønskjer me å få til:

- Vera ein open og inkluderande kommune
- Gjera kommunale tenester tilgjengelege for alle
- Utvikla elektronisk tilgang til kommunale tenester vidare
- Sikra funksjonelle uteområde som gir trivsel og innbyr til aktivitet for alle
- Gjera fleire rekreasjonsområde universelt tilrettelagde
- Leggja til rette arenaer for bruk på tvers av generasjonane i tettstadene
- Time skal vera ein pådrivar for utviklinga av kollektivtransporten i kommunen
- Utvikla gode ungdomstilbod i Bryne sentrum
- Bustader med universell utforming skal etablerast i nye bustadområde
- Kommunen skal leggja til rette for arbeidsplassar og næringsetablering.

I Time blir innbyggjarar og gjester møtte med respekt og likeverd. Bustadområde og fellesarenaer er tilrettelagde slik at innbyggjarane kan bu i eigen heim lenge, og nytta fellesareal til å vera aktive ut frå eigne føresetnader. Samarbeid og dugnadsinnsats skaper fellesskap som gir grunnlag for tryggleik og trivsel for alle.





LIVSGLEDE OG KULTUR

Time i framtida:

Time er eit regionalt senter for kultur, der alle har høve til å delta i aktivitetar som gir nye impulsar og aukar livskvaliteten. Innbyggjarane har tilgang til kunnskap, kompetanse og varierte fritidstilbod.

Kulturinstitusjonane Garborgheimen og Knudaheio er godt bevarte og gir høve til å formidla kunnskap om forfattaren og mennesket Arne

Garborg. Identiteten hans som jærbu og europear gir inspirasjon til å sjå utover, samstundes som me tek vare på og held fram dei tradisjonane som har gitt kommunen identitet. Satsinga på litteraturformidling, med nytt bibliotek, Garborg-senter, Haugtussavandring og Garborgdagar set Time på kartet som kultur- og kompetansesenter på Jæren.

Fritz Røed skulpturpark er eit symbol på livsglede, og vil for mange vera eit første møte med kunsten. Saman med Andreas Bøe-galleriet og dei ulike kulturytringane i Bryne Mølle og Storstova, dannar parken ei ramme for eit kulturliv prega av stort mangfold.

Festivalar og andre publikumsarrangement er uttrykk for livsglede og identitet, noko eit rikt organisasjons-, idretts- og musikkmiljø er med på å styrka.

Time kommune har eit variert kulturliv med mange lag og organisasjoner. Innbyggjarane er aktive og ønskjer å medverka til gode lokalmiljø. Det er viktig å ta vare på dette engasementet, samstundes som me utviklar nye aktivitetar og kulturytringar i eit samspel mellom kulturlivet, næringslivet og det

offentlege. Bryne fotballklubb er med å gjera kommunen kjent i heile landet og er ein inspirasjon for alle som driv idrett på ulike nivå. Kyrkja, trudomssamfunn og kristne organisasjonar yt frivillig arbeid på mange område, og tilbyr samkvem og trusfellesskap for mange innbyggjarar.

Det jærske kulturlandskapet er unikt, og kommunen har rekreasjonsområde som er attraktive både for innbyggjarar og besøkjande. Kulturarva har verdiar som er viktige å gi vidare til komande generasjoner.

Profesjonelle kunstnarar ønskjer å etablera seg i Time. Det er viktig å leggja til rette for at kulturnæringerne får veksa fram og utvikla seg i kommunen.

Utfordringar:

- Stimulera til kreativitet og nytenking på kulturområdet
- Halda fast ved tradisjonar som dugnad, deltaking og samhald
- Innbyggjarane skal vera stolte av kulturarven og kulturlandskapet
- Stimulera til fysisk aktivitet for alle innbyggjarane
- Ha eit godt samspel mellom kulturliv, næringsliv og kommune
- Arbeida for at kulturminna skal vera tilgjengelege for alle
- Leggja til rette for at alle skal få mulighet til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfold av kulturuttrykk, uavhengig av sosiale og kulturelle skiljelinjer
- Leggja til rette arenaer for produksjon og formidling av kunst og kultur.



Dette ønskjer me å få til:

- Ha eit kulturliv som skaper og utfordrar identiteten
- Styrkja og vidareutvikla det regionale kulturhuset
- Leggja til rette for eit allsidig fritidstilbod for ungdom i kommunen
- Barn og unge skal bli kjende med lokal historie og kultur gjennom aktiv formidling
- Leggja nye område til rette for friluftsliv
- Kulturoperatørar i det frivillige og det profesjonelle kulturlivet skal vera ein kreativ faktor i by- og tettstadutviklinga saman med næringslivet
- Leggja til rette for arenaer for samhandling og trivsel
- Oppretthalda kontaktkonferansen som ein møteplass for lag/organisasjonar og politikarar
- Etablera eit overordna turvegnnett og gang – og sykkelvegar mellom tettstader og sentrum skal gjera det lett å vera i fysisk aktivitet
- Byggja gradvis ut nye område til idretts- og aktivitetsformål.

Time er eit regionalt senter for kultur, der alle har høve til å delta i aktivitetar som gir nye impulsar og aukar livskvaliteten. Innbyggjarane har tilgang til kunnskap, kompetanse og varierte fritidstilbod.





TRYGG I NÆRMILJØET

Time i framtida:

I Time er innbyggjarane trygge i nærmiljøet sitt og dei kjenner at dei høyrer til. Bryne er ein by der menneske i alle aldrar kan ferdast trygt heile døgnet. Time er mellom dei kommunane i landet som har færrest ulukker og brotsverk, og samfunnstryggleiken er sett høgt.

Dei kommunale velferdstenestene dannar grunnlaget for at innbyggjarane også i framtida skal vera sikra rett hjelp til rett tid.

Time vil arbeida for å utvikla samhandling mellom jærkommunane på viktige felt innan samfunnsplanlegging og tenesteutvikling. Når det gjeld helse- og omsorgstenester, vil det vera viktig å samordna arbeidet både interkommunalt og i forhold til statlege helseføretak i regionen. For å møta utfordringane på desse felta, må ein finna gode løysingar som er tenlege for regionen samla og for dei som har behov for helse- og omsorgstenester i framtida.

Dei frivillige organisasjonane står sterkt og er ein viktig mobiliserings- og beredskapsfaktor i kommunen. Frivillige omsorgsnettverk og dugnad særpregar bygdene. Innbyggjarane har ei oppleving av å høyra til og føler tryggleik for seg og dei nærmaste. Trygge bymiljø, møteplassar og aktivitetar i nærmiljøet gir kjennskap til kvarandre, og minskar risiko for uønska hendingar. Ein viktig tryggleiksfaktor er ei synleg offentleg forvalting, som er til stades i folk sin kvardag.

Oppdaterte risiko- og tryggleiksanalysar er grunnlaget for god beredskap i forhold til ulukker og katastrofar, slik at innbyggjarane si helse, økonomiske verdiar, og kvaliteten på miljøet i kommunen blir ivaretatt.



Utfordringar:

- Levera tenester som står i forhold til innbyggjarane sine behov
- Ha ein funksjonell beredskap for alvorlege hendingar med konsekvensar i lokalmiljøet
- Arbeida kontinuerleg for at Bryne blir ein trygg by heile døgnet
- Stimulera til frivillig innsats gjennom systematisk samhandling mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar
- Oppretthalda viktige samfunnsfunksjonar i ekstraordinære situasjonar
- Førebyggja helseskade og leggja grunnlag for god helse i befolkninga.



Dette ønskjer me å få til:

- Sjå til at alle i Time kan få den hjelpa dei treng til rett tid
- Kvalitetssikra velferdstenestene til innbyggjarane gjennom tenestestandard og serviceavtalar
- Vidareutvikla samarbeidet mellom kommunen og politiet
- Ta vare på dugnadsarbeid som ein kvalitet og tryggleiksfaktor i lokalsamfunnet
- Skapa trygg ferdsel mellom dei ulike sentra, skulane og idrettsanlegg ved å ha trygge og sikre veg- og sykkelvegnett
- Gjera jamlege risiko- og sårbarheitsanalysar som skal resultera i konkrete tiltak og oppdaterte handlingsplanar
- Ha beredskap som kan redusera skader når uønska hendingar skjer og gjenoppretta normale tilstander snarast råd
- Leggja til rette for samhandling og frivillig innsats gjennom kontaktkonferansar og ei utvikling av tilskotsordningane for det frivillige organisasjonslivet
- Aktivisera til dugnadsarbeid gjennom frivillighetssentralen
- Ta aktivt del i interkommunalt og regionalt samarbeid for å sikra gode helsetenester til befolkninga.

I Time er innbyggjarane trygge i nærmiljøet sitt og dei kjenner at dei hører til. Bryne er ein by der menneske i alle aldrar kan ferdast trygt heile døgnet. Time er mellom dei kommunane i landet som har færrest ulukker og brotsverk, og samfunnstryggleiken er sett høgt. Dei kommunale velferdstenestene dannar grunnlaget for at innbyggjarane også i framtida skal vera sikra rett hjelp til rett tid.





UTVIKLING

Time i framtida:

Time er eit regionalt senter for næring, kunnskap, kultur og rekreasjon. Kommunen spelar ei aktiv rolle i den regionale utviklinga for å skapa ei trygg framtid. Gjennom bevisste verdival står berekraft og omsyn til kommande generasjonar sentralt i utviklingsarbeidet. Kommunen er ein pådrivar i interkommunalt samarbeid for gode regionale løysningar og eit betre tilbod til innbyggjarane.

Time er kjenneteikna av verdiskaping, nyskaping og forankring i lokale tradisjonar. Gode opplevingar, tryggleik og estetikk er sentrale verdiar. Jærsk pågangsmot og arbeidsvilje saman med evna til å sjå framover, har lagt grunnlaget for næringsutviklinga i Time.

Kommunen er, og har tradisjonelt vore, eit skulesenter med tilbod innanfor mange fagområde. Med ny vidaregåande skule som står klar i 2014 styrker kommunen sin posisjon som senter for læring og næring på Jæren. Det er viktig å halda fokus på det sterke fagmiljøet og bredda som dei vidaregående skulene i Time representerer. Det er viktig for kompetanseutviklinga på Jæren, og ikkje minst i et folkehelseperspektiv, at ein stimulerer til at flest mogleg fullfører vidaregåande skule.

Time kommune er ein stor landbrukskommune, med bønder som investerer og satsar på framtida. Med utgangspunkt i landbruket er det utvikla industri med høg kompetanse på fleire felt. Kommunen må ha eit tett samarbeid med næringslivet om å løysa praktiske oppgåver og

leggja til rette for utvikling og etablering av nye arbeidsplassar. Dette samarbeidet har lagt grunnlaget for utviklinga av Bryne som by- og kultursentrum for regionen. Saman med fire andre jærkommunar er Time med i stiftinga Jæren Produktutvikling, som er eit viktig tilbod for etablerarar og bedrifter som treng hjelp og rådgjeving. Tilrettelegginga for næringsutvikling i Time kommune skal utviklast og styrkast gjennom regionalt og interkommunalt samarbeid.

Innbyggjarane i regionen er mobile, og dei søker opplevingar og kultur på tvers av kommunegrensene. Kommunen må vera medviten om at kulturtilbodet i stadig større grad er avgjerande for kor næringslivet ønsker å etablera seg, og kor folk ønsker å bu. Lett tilgjengelege turområde vil vera attraktivt for både innbyggjarane og dei som kjem til kommunen.

Time er med i satsinga universell utforming i samarbeid med Miljøverndepartementet. Partnerskap for folkehelse med Rogaland Fylkeskommune er også ei viktig satsing i forhold til det generelle førebyggjande arbeidet i Time.



Utfordringar:

- Fremja utvikling av handel og industri som kan skapa arbeidsplassar i kommunen
- Leggja til rette for auka vekst samstundes som me tek omsyn til estetisk utforming og eit berekraftig miljø
- Utvikla kommunen til regionalt rekreasjonsområde
- Stimulera barn og unge til ei aktiv rolle i utviklinga av Time
- Møta innbyggjarane og næringslivet sine behov for kvalitetssikra tenester, rådgjeving og hjelp
- Ta initiativ til interkommunalt samarbeid på aktuelle område
- Arbeida for gode transportløysningar for innbyggjarar og næringsliv i kommunen.

Dette ønskjer me å få til:

- Leggja til rette for næringsutvikling gjennom eit konstruktivt samarbeid med næringslivet i kommunen og i regionen
- Gjera næringsliv og offentlege arbeidsplassar i Time attraktive gjennom internasjonalisering og omdømmebygging
- Ha bustadområde i tettstadene samstundes som me tek omsyn til dyrka og dyrkbar jord
- Marknadsföra kommunen sine turistmål, kulturtilbod samla og tydeleg
- Vera pådrivar for å styrkja Bryne som skule- og kompetansesenter
- Trekkja innbyggjarar i alle aldrar med i planprosessar som formar kommunen
- Ha fokus på estetikk og formgjeving av bygningar og uterom
- Utvikla bilfrie område i sentrum
- Vera pådrivarar for at viktige mål for kommunen i regional transportplan blir realiserte.



Time er eit regionalt senter for næring, kunnskap, kultur og rekreasjon. Kommunen spelar ei aktiv rolle i den regionale utviklinga for å skapa ei trygg framtid. Gjennom bevisste verdival står berekraft og omsyn til kommande generasjonar sentralt i utviklingsarbeidet. Kommunen er ein pådrivar i interkommunalt samarbeid for gode regionale løysningar og eit betre tilbod til innbyggjarane.





4. ENERGI OG KLIMA

Time i framtida:

I Time er energiøkonomisering, energieffektivitet og utstrakt bruk av fornybare energikjelder ein sjølvsagt del av aktivitetar og planlegging på alle samfunnsmiljøet. Fornbare energikjelder blir nytta der det er praktisk mogleg. Kommunen følgjer opp EU sitt direktiv for omlegging til fornybar energi og nasjonale mål, men tilpassa lokale særtrekk når det gjeld klimagassar og vindkraft.

Klimaendringar vil vera ei av dei største utfordringane for verdssamfunnet i åra som kjem. I kommunedelplan for energi og klima 2011 – 2022 er EU sitt direktiv for omlegging til fornybar energi lagt til grunn. Målsettinga er tredelt: Innan 2020 skal utslepp av klimagassar reduserast med 20 % i forhold til 1991-nivået, energieffektiviteten skal vera 20 % betre enn 2008-nivået og produksjon av nye fornybare energiformer skal tilsvare 20 % av energibruken i næringsbygg og bustader i kommunen (stasjonær energibruk).


Husdyrhaldet står for ca. 63 % av utsleppet av klimagassar i Time. Samstundes er det sett nasjonale mål om å auka matproduksjonen. Kommunen ser det derfor som nødvendig å justera ned målsettinga for reduksjon i utslepp av klimagassar til 10 % for planperioden. Husdyrgjødsla har også potensiale for produksjon av biogass.

Klimaet på Jæren er mildt og med mykje vind, som kan nyttast til energiproduksjon. Når Høg-Jæren vindpark kjem i drift, vil målsettinga for produksjon av nye fornybare energiformer

vera overoppfylt, og målsettinga er sett til 40 % av stasjonær energibruk i kommunen innan 2020.

Dei største tettstadene i kommunen er konsentrerte og i relativt flatt terreg, slik at energibehovet til oppvarming og transport bør vera lågt. Time kommune sine føresetnader for energieffektivisering og omlegging til bruk av miljøvenlege og fornybare energikjelder er gode. energikjelder til ulike føremål





Uttfordringar:

- Følgja opp og realisera måla i statleg planretningslinje for energi- og klimaplanlegging i kommunane
- Vega realistiske mål for matproduksjon opp mot realistiske mål for klimatiltak i utviklinga av framtidssamfunnet Time kommune
- Arbeida systematisk med energiøkonomisering og tiltak som reduserer utslepp av klimagassar
- Leggja om til auka bruk av nye fornybare energikjelder til ulike føremål


Planleggja utbygginga av lokalsamfunnet slik at energiforbruket til ulike føremål kan haldast lågt.

Dette ønskjer me å få til:

- Utslepp av klimagassar skal reduserast med 10 % innan 2020, i forhold til nivået i 1991
- Syta for at nye bygg har lågt energibehov til oppvarming og at dei som hovudregel nyttar fornybare energikjelder. Målet er 20 % betre energieffektivitet innan 2020
- Arbeida for at ein stor del av persontransporten skal skje med tog, buss og sykkel.
- Auka bruken av lokale fornybare energikjelder som vind, ved, flis, jordvarme og biogass. Lokal produksjon frå slike kjelder skal innan 2020 tilsvara minst 40 % av stasjonær energibruk i kommunen
- Meir konkrete mål, strategiar og tiltaksplanar går fram av kommunedelplanen for energi og klima i Time kommune 2011-2022.

I Time er energiøkonomisering, energieffektivitet og utstrakt bruk av fornybare energikjelder ein sjølvsagt del av aktivitetar og planlegging på alle samfunnsområde. Fornybare energikjelder blir nytta der det er praktisk mogleg. Kommunen følgjer opp EU sitt direktiv for omlegging til fornybar energi og nasjonale mål, men tilpassa lokale særtrekk når det gjeld klimagassar og vindkraft.





5. FOLKEMENGD OG AREALBEHOV

Det er utarbeidd prognose over folkemengda i Time for planperioden. Prognosene byggjer på desse føresetnadene:

- Folkemengd i Time ved utgangen av 2009.
- Bustadbygging etter lågt alternativ for Bryne og Rosseland, mellomalternativet for resten av kommunen. Dette betyr bygging av i gjennomsnitt 155 nye bustadar pr. år i 2011-22, derav 100 i Bryne og Rosseland skulekrins (kpl 02/10).
- Det blir ei stor netto innflytting til kommunen som følgje av mange nye bustader. I gjennomsnitt reknar me med at det trengst 50-60 bustader pr. år for å dekkja opp auka behov i Time som følgje av fødselsoverskotet. Utover dette er det forventa at 100 nye bustader gir ei netto innflytting på 170 personar.
- Fødselsfrekvensane er frå 2010 slik dei var i 2008, dvs. relativt høge. Deretter er det lagt inn ein liten nedgang i frekvensane fram til 2016. På grunn av det aukande talet på kvinner i fertil alder i Time, er tal på fødslar i perioden venta å auka frå 260 pr. år i starten til 320 pr. år i slutten av perioden.
- Det er brukt dødsfrekvensar som gjennomsnitt for Rogaland i det såkalla mellomalternativet frå Statistisk Sentralbyrå. Dette betyr at gjennomsnittleg levealder for både kvinner og menn er forventa å auka med rundt 2 år i åra 2008-22. Mens det var 90 personar som døydde i Time i 2009, er dette forventa å auka jamt til 110 i slutten av perioden.
- Det er brukt interne flyttefrekvensar mellom krinsane i Time slik dei var i åra 2005-2008.


Tabell 1. Total folkemengd i Time 1960-2009

1960	1970	1980	1990	2000	2009
6 212	8 072	10 113	12 051	13 501	16 077

Tabell 2. Framskriving av total folkemengd i Time 2010-22


2010	2013	2016	2019	2022
16 500	17 400	18 510	19 580	20 700

Figur 1. Total folkemengd i Time 1960-2009 og framskriving 2010-2022



I perioden 1960-90 var gjennomsnittleg folketilvekst i Time 195 personar pr. år. I perioden 1990-2001 var tilveksten klart lågare med i gjennomsnitt 140 personar pr. år. I 2002 starta den kraftige bustadbygginga på Bryne, og i åra 2002-2009 har tilveksten vore heile 310 personar pr. år. I planperioden viser framskrivinga gjennomsnittleg årleg tilvekst på rundt 350 personar – fordelt på eit fødselsoverskot på 150 og netto innflytting på 200 pr. år. Med den planlagde bustadutbygginga i åra framover, forventar me altså at folketalet vil auka vesentleg meir pr. år enn i siste halvdel av førre hundreåret. Folketilveksten i planperioden er også høgare enn i åra etter 2002, først og fremst på grunn av langt fleire fødslar enn før.

I alt reknar me med at folketalet i Time vil auka frå 16077 ved utgangen av 2009 til 20700 personar i 2022. Ved årsskiftet 2010/2011 budde 16450 personar i Time.




Tabell 3. Folkemengd i skulekrinsar 1970-2009

	1970	1980	1990	2000	2009
Bryne/Rosseland	4 441	5 636	5 526	6 381	8 936
Kvernaland/Frøyland	1 418	2 018	2 320	2 652	2 850
Lyefjell	-	26	1 890	2 208	2 204
Undheim	745	815	851	* 1 070	* 1 022
Hognestad, Vestly, Eikeland	1 468	1 618	1 464	1 196	1 065
Sum	8 072	10 113	12 051	13 501	16 077

*) ekskl. Eikeland

Så å seiia alle områda i kommunen har hatt auke i folketalet frå 1970 og utover. Bare i dei spreiddbygde skulekrinsane Hognestad, Vestly og Eikeland har folketalet gått ned frå 1980 av.

Figur 2. Framskriving av folkemengd i skulekrinsane 2010-22



Folketalet på Bryne i planperioden vil auka frå 8900 i 2010 til 10900 i 2022. Folketalet i Frøyland skulekrins vil også auka betydeleg i perioden, frå 3000 i 2010 til 4100 i 2022. Lyefjell er forventa å auka frå 2300 personar i 2010 til 3000 personar i 2022 og Undheim frå 1200 til 1500. For dei minste krinsane er det meir usikkert avhengig av m.a. bustadbygging. Hognestad vil nok auka litt, mens folketalet i Vestly vil vera om lag uendra.

Tabell 4. Framskriving av folkemengd etter alder 2009-2022

	2009	2013	2016	2019	2022	% auke 2009 - 2022
Barnehage 0-5 år	1 447	1 600	1 650	1 720	1 790	24
Barneskule 6 - 12 år	1 659	1 730	1 860	2 000	2 060	24
Ungdomsskule 13 - 15 år	687	750	770	770	880	28
16 - 66 år	10 690	11 500	12 200	12 800	13 300	24
67 - 79 år	1 095	1 320	1 510	1 650	1 890	73
80 - 89 år	430	450	470	530	580	35
90 år og over	69	90	100	108	118	71
Sum	16 077	17 400	18 500	19 600	20 700	29


Personar i aldersgruppa 67-79 år vil auka med 800 personar fram til 2022, eller 73 %. Ein mindre del av desse vil trenga omsorgstenester. Behovet for omsorgstenester er derimot vesentleg større i aldersgruppa 80 år og over. Denne gruppa vil auka med rundt 160 personar i perioden, eller 35 %. Samla auke i personar 67 år og over vil med same omsorgsstandard som i dag, bety eit behov for om lag 80 nye omsorgsbustader med heildøgns omsorg fram til 2022.

Barn i barnehagealder vil etter framskrivinga auka med rundt 340 frå 2009 til 2022. Det meste av denne auken vil koma på Bryne.

Tabell 5. Framskriving av elevar i dei store barneskulane 2009-22

	Kapasitet	2009	2013	2016	2019	2022
Bryne	525	403	413	456	482	495
Rosseland	525	457	447	466	493	482
Frøyland	350	305	325	358	382	390
Lyefjell	500	235	255	273	304	325
Undheim		104	117	119	136	151


Barn i barneskulealder vil auka med rundt 350 frå 2009 til 2022. Om lag 120 av desse vil koma i Bryne og Rosseland skulekrinsar, mens det også vil vera betydeleg elevvekst i Frøyland, Lyefjell og Undheim skulekrinsar.



Tabell 6. Framskriving av elvar i ungdomsskulane 2009-22

	Kapasitet	2009	2013	2016	2019	2022
Bryne ungdomsskule	360	320	390	397	385	444
Froyland ungdomsskule	155	131	150	147	156	184
Lyefjellungdomsskule	220	154	137	137	142	162
Undheim ungdomsskule		56	59	72	69	72

Barn i ungdomsskulealder vil auka med rundt 200 elevar fram til 2022. Rundt 120 av desse vil koma i Bryne ungdomsskulekrins (Bryne, Rosseland og Hognestad) og 50 i Froyland ungdomsskulekrins.



Nytt bustadfelt på Vassbø og allsidig idretts- og aktivitetssenter på Tangen

Behov for areal til offentlege formål

A. Skular

Bryne skule vil ha kapasitet til å ta elevtalsveksten i planperioden. Dersom utbygginga i Brynekrisen held fram etter 2022, vil skulen sannsynlegvis bli for liten. Det må derfor setjast av areal til ein ny barneskule på Bryne i perioden 2022-32. Skulen bør iallfall ha ein kapasitet på 300 elevar – sikkert også med areal til utviding til same storleik som nåverande Bryne skule.

Rosseland skule vil ha kapasitet nok til å ta den forventa elevtalsveksten i krinsen fram til 2022. Etter 2022 er det lite areal til vidare utbygging i krinsen.

Kapasiteten ved Frøyland skule ser ut til å verta sprengd rundt 2015-17. Rundt nåverande skule er det areal til utviding av skulen. På sikt vil det sannsynlegvis vera behov for ei dobling av nåverande kapasitet for barneskule i krinsen.

Bryne ungdomsskule vil vera for liten allereie om 3-4 år. Dersom framhaldsskulebygget blir brukt til ungdomsskule, vil skulen vera stor nok i planperioden. Men elevtalet vil veksa mykje også etter 2022. Fram mot 2032 vil det vera behov for ein ny ungdomsskule på Bryne med kapasitet på opp mot 200 elevar. På sikt bør sannsynlegvis skulen ha areal til å utvida til same storleik som nåverande Bryne ungdomsskule. I kommuneplanen vil det derfor vera eit særskilt alternativ å reservera areal og bygningars ved Bryne vidaregåande skule til ny ungdomsskule.

Frøyland ungdomsskule vil dekkja behovet for elevplassar i det meste av planperioden. Frå rundt 2018-20 vil elevtalet auka ein del framover mot 2032. Ein ny skule bør ha areal til å bli om lag like stor som nåverande Frøyland ungdomsskule.

Både barneskulen og ungdomsskulen på Lyefjell har god kapasitet for planperioden.

B. Barnehagar

I planperioden vil det etter denne framskrivinga trengjast to nye barnehagar med 120 plassar i kvar, i tillegg til den nye barnehagen på Kvernaland frå 2011.

Det er først og fremst i Bryne-området at det trengst fleire barnehagar i perioden. Men behovet aukar også på Lyefjell og Kvernaland utan at det er grunnlag for ein ny barnehage her dei nærmaste åra.

C. Omsorgstenester

Når dei nye plassane på Sivdamheimen og Kvernaland er bygde i 2010 og 2014, har kommunen nær behovsdekning for plassar med heildøgns pleie og omsorg. Men etter dette, vil behovet for nye plassar auka sterkt. I planperioden fram til 2022 er det behov for ytterlegare 50 nye slike plassar.





6. AREALDEL

Arealdelen i kommuneplanen trekkjer opp hovudlinjene i den fysiske bruken av areala i åra som kjem. Utbygging og bruk av naturressursar skal avvegast i forhold til langsiktig forvalting og verneomsyn. Ulike mål og strategiar kan stå i motstrid til kvarandre og avveging mellom ulike interesser blir derfor ein viktig del av sjølve planprosessen.

Tettstadutviklinga er eit sentralt tema i Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren. Hovudutviklinga i Time vil knytte seg til dei etablerte tettstadene Bryne, Kvernaland, Lyefjell og Undheim.

Time kommune har nyleg utarbeidd kommunedelplanar for Bryne sentrum og for Frøyland/Kvernaland. Desse planane skal framleis gjelda, og areala er ikkje med i denne planen.

Store delar av jordbruksareala i Time hører til den beste jordbruksjorda i landet. Dette er ein naturressurs det er særstakt viktig å forvalta langsiktig. Det same gjeld natur- og miljøverdiar knyttte til verna vassdrag og sårbare naturtypar, som t.d. kystlynghei, vipa, åkerrikse og elvemusling.

Dei viktigaste rammene som Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren trekkjer opp for arealbruken framover, er desse, jf. nasjonale målsettingar for berekraftig utvikling:
”... planen er basert på prinsipper for arealökonomisering, effektiv transport og kollektiv-system som begrenser vekst i transportvolum, god utnyttelse av eksisterende

infrastruktur, langsiktig vern av prioriterte landbruksområder med klare grenser og en overordnet regional grøntstruktur for friluftsliv, natur- og kulturvern.”

I kommuneplanen for Time vil dette mellom anna seia:

- Me skal byggja vidare på eksisterande tettstader og infrastruktur.
- Me skal byggja med større utbyggingstettleik enn me har gjort til nå, fortsett i område som alt er utbygde, og omforma gamle næringsområde til nye funksjonar.
- Me skal leggja forholda til rette for kollektivtrafikken. Det vil seia at me skal byggja med særleg stor utbyggingstettleik der kollektivtilbodet er aller best, og me skal samla utbygginga langs dei viktigaste aksane for kollektivtrafikken i framtida. Då kan me ikkje byggja i mange andre retningar i tillegg.
- Me skal nyansera meir mellom landbruksområde som skal vernast for framtida, og dei som det eventuelt kan byggjast på. I denne vurderinga skal langsiktige mål vera viktigare enn kortsiktige løysingar.
- Det skal vera samanheng i grønstrukturen, og innbyggjarane i kommunen skal kunna ferdast frå eige bustadområde ut i friområde på ein enkel og trygg måte.

Konsekvensutgreiing med risiko- og sårbarhetsanalysar (ROS) er gjennomført for alle nye utbyggingsområde i kommuneplanen og er tilgjengeleg som eige dokument.

6.0 Bustadbygging

Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren legg til grunn denne tettleiken for bustadutbygging:


Bustader pr. dekar (brutto)	Normgrunnlag
6	Innan 500 meter frå trafikk-knutepunkt i sentrale byområde
4,5	Innan 500 meter frå trafikk-knutepunkt i perifere strøk (utanfor byområde)
3,5	Innanfor hovudtraseane til kollektivtrafikken (300 meter frå trasèen)
3	Innanfor gangavstand til kommunesentra
2	Minimumskrav for tettleik i utbyggingsområde
	For å få varierte bustadtilbod utanfor sentrumsområde, må tettleik vurderast for større område.

Høg arealutnytting kan spara naturområde frå utbygging. Store konsentrasjonar av folk vil på den andre sida setja høge krav til frilufts- og rekreasjonsområde i nærlieken. Rekreasjon utandørs vil bli dreidd frå rekreasjon i eigen hage til felles friområde.

Når utbyggingstettleiken skal fastleggjast, skal kommunen prioritera ei høg utnytting av eit større område føre utnyttinga av ein enkelt eigedom. Byggjehøgda i sentrumskvartala på Bryne skal følgja retningslinjene i Kommunedelplan for Bryne. I andre delar av kommunen skal byggjehøgder fastsetjast i reguleringsplan. Ved fastsettjing av byggjehøgder og utnyttingsgrader skal det leggjast mest vekt på heilskaplege omsyn. Kommunen vil leggja særleg vekt på at det blir bygd bustader som kompletterer dei bustadtypane som me har flest av i dag. Det betyr at det skal byggjast fleire bustader i tette bygningsformer, og at det skal byggjast fleire bustader for unge, funksjonshemma, og personar som ikkje har så store inntekter, jf. Bustadsosial handlingsplan for Time.

Nye byggjeprosjekt i kommunen skal vurderast ut frå miljøperspektiv. Det bør stimulerast til miljøvennlege materialval. Kommunen kan fastsetja vilkår for energilosyngar ved utarbeidning av nye arealplanar. Miljøkonsekvensar skal vurderast i alle plan- og byggjesaker.

Prinsippa for universell utforming skal leggjast til grunn for all byggjeverksemd i kommunen.



6.1 Langsiktig arealbruk

Langsiktig grense for landbruk i Bryne aust

I arealdelen er lokalisering og arrondering av ny grense for langsiktig landbruk i Bryne aust følgt opp. Kollektivakse mellom Bryne og Lye blir lagt langs Fv 506.

Idrettsområde

Lokalisering av eit allsidig idretts- og aktivitetsområde på om lag 100 daa i Tangenområdet på Bryne er lagt inn i planen.

Bustadområde

Om lag 470 daa areal til framtidig formål for busetnader og anlegg i Gjesdal kommune som følge av ev. justert kommunegrense, er lagt inn i arealdelen som omsynssone.

På Bryne er det i arealdelen lagt inn nokre mindre område for busetnader og anlegg. Dette gjeld om lag 14 daa på Vassbø (BB16) og om lag 4 daa på "Tivolutomta" (BB17) ved Bryne stadion.

Det er lagt inn rekkefølgjekrav i føresegnene med omsyn til utbyggingstakt, jf. § 5 i kapittel 7.

Offentlege formål

Det er ikkje sett av nytt areal til offentleg tenesteyting utover det som er omtalt i kapitla "Re" og "Tettstadene". Strategisk viktige offentlege areal på Bryne der dei nåverande vidaregåande skulane er etablerte, vil kommunen etter avtale med fylkeskommunen ha hand om frå 2014. Desse areala på i alt vel 30 daa vil kunna dekkja prioritert offentleg tenesteyting i fleire tiår framover.

Masseuttak

I arealdelen er det lagt inn ei utviding på 228 daa for masseuttak på Mellomstrand (R16), og masseuttaket på Litla Undheim (R26) blir utvida med 101 daa. Masseuttaket på Sæland (R24) blir justert noko. Alle uttaka ligg inne som aktuelle uttaksområde i Fylkesdelplan for byggeråstoff på Jæren, bortsett frå uttaket på Litla Undheim.





6.2 Re

Kartlegging av eksisterande og framtidige område for utbygging viser at utbygginga av Re vil skje etter 2022 og at området truleg vil vera fullt utbygd i perioden 2040-2050. Denne kommuneplanen inneber at kommunen fastset overordna planløysingar for området med plassering av t.d. bustadformål i nord, næringsformål i sør, overordna og samanhengande grønstruktur, og dessutan tilkomstløysingar for områda.

Seinare må arealbruken regulerast i ein områdeplan for bustadområda inkl. grønstrukturen, og ein områdeplan for næringsområdet. På bakgrunn av områdeplanane vil det bli utarbeidd underliggjande detaljreguleringar.

Bustadområde

Det er lagt til rette for busettader og anlegg på om lag 159 daa (BB12). Nord for Orrevegen (BB11) er det i arealdelen lagt inn areal til busettader og anlegg på 21 daa. BB13 er lagt inn med 9 daa. Tilkomst til bustadområda er foreslått frå Orrevegen.

Handel

Det er lagt til rette for lokalhandel nord i området (FB4), i nærliken av bustadområda.

Næringsareal

Gjennom aktiv tilrettelegging og planlegging av nye næringsareal, vil kommunen sørge for at det ligg føre eit rimeleg tilbod på næringsareal på ulike stader, i ulike naboskap og av ulik karakter. Då er det også mogleg for kommunen å påverka aktivt kor ulike verksemder kan etablera seg.


Næringsarealet på Re skal nyttast til industrietta verksemder. Det er lagt til rette nye næringsareal på om 164 daa sør i området (NB7), nær Fv 44 og med tilkomst til næringsområda frå Brøytvegen (Fv 223).

Grønstruktur og gang-/sykkelvegar

For området er det utført ein landskapsanalyse. På bakgrunn av denne er utforminga av grønstrukturen endra slik at det er to trasear nord/sør, mens øst/vest sambandet finst nå berre i sør. Dette er ei endring i forhold til disponeringa i Kommunedelplan for grønstruktur for Bryne. Gangsambandet i nord er oppretthalde som gang-/sykkelveg.


Trafikk

Det er lagt inn ein gjennomgåande kollektivtrasé gjennom området. I planlegginga er det tenkt kvarters frekvens på offentlege kommunikasjonsmiddel gjennom området i begge retningar.



Offentlege formål

I arealdelen er det avsett eit område på 22 daa til offentlege formål (OB9) for å dekkja framtidige behov for skule, barnehage eller omsorgsformål. Dette området er lagt i nordaust, nærmast sentrum og eksisterande konsentrasjon av bustader. I tillegg er det i søraust lagt inn 2,5 daa til omsorgsbustader (OB8).



Reområdet

6.3 Tettstadene

6.3.1 Lyefjell

Lyefjell – "Utsiktspunktet i Time"

Bustadområdet på Lyefjell, frå slutten av 1970-talet, blei etablert for å dempa utbyggingspresset på gode jordbruksareal på Låg-Jæren. Staden ligg høgt og har vid utsikt over ærlandskapet og havet. Området ligg vel til rette for naturopplewingar og friluftsliv.

På Lyefjell er det svært små endringar i forhold til førre kommuneplan.

Framtidig næringsområde NL1 og tilgrensande framtidig friområde innanfor langsiktig grense for landbruk er omdisponert til offentleg formål (OL1). Området aust for NL3, på om lag 12 daa, er lagt inn som alternativt næringsareal (NL4).

6.3.2 Undheim

Undheim – "Den grøna bygdå"

Undheim er kjent for sitt særegne jærlandskap. Det var her, i "Veslemøy sitt rike", forfattaren Arne Garborg valde å bu då han kom tilbake til Jæren. Desse kulturelle røtene er viktige for identiteten, og gjev bygda ei særstilling gjennom den nasjonale og internasjonale merksemda diktaren får.

Handel

Når det gjeld utviklinga av Undheim, er flytting for å gi rom til eit utvida og levedyktig handelslag ei svært aktuell sak. I denne kommuneplanen er det lokalisert tomt på om lag 10 daa til nytt handelslag på vestsida av Fv 505 (FU1). Området der handelslaget ligg i dag, blir tilbakeført og markert i arealdelen med arealformålet framtidig bustadområde.

Bustadområde


Om lag 6 daa blir sett av til framtidige bustadformål (BU2). Det er stilt rekkefølgjekrav i føresegnehene med omsyn til utbyggingstakt.

Offentlege formål

På dei 1,5 daa kommunen eig i Torkelholsvegen er det lagt inn areal til omsorgsbustader (OU3). Arealet er i dag regulert til barnehage/grøntområde.

Turdrag

Langs åna er det innarbeidd eit framtidig turdrag som skal knyta saman eksisterande lokale turvegar til ei rundløype. Det er lagt inn eit grøntareal i randsona til BU1 og BU2.



Tettstaden Undheim

6.3.3 Hognestad


Hognestad – "Den sentrumsnære tettstaden"

Hognestad har sitt sær preg som landbruksområde i ein bynær region. Ein golfbane ligg i bygda, og trekker til seg besøkjande frå heile regionen.

Bustadområde

Området mellom skulen og jernbanelinja (BH1), er i arealdelen lagt inn som framtidig areal til busetnader og anlegg med strenge rekkefølgjekrav i føresegnehene med omsyn til utbyggingstakt. Det ligg føre motsegn til arealdisponeringa av BH1.






6.4 Arealrekneskap

Arealrekneskapen for Time kommune sin kommuneplan for 2011 – 2022 går fram av tabell 9. Rekneskapen viser behovet for areal til ulike formål i denne kommuneplanen. Tabellen viser totalt areal som er omdisponert frå LNFR-område i denne kommuneplanen med opplysningar om arealbrukskategori som totalarealet er omdisponert frå.

Oversiktstabell som viser utbyggingsrekkefølge for bustadområde i denne kommuneplanen går fram av tabell 10. Fleire detaljar går fram av utfyllande føresegner og retningslinjer til kommuneplanen sitt arealkart i kapittel 7.

Tabell 9: Arealrekneskap - kommuneplanen (i daa)

Områdenamn	Totalt areal omdisp. frå LNFR	Kjerne- område landbruk	Fulldyrka/ overfalte- dyrka jord	Innmarks- beite	Anna LNFR areal	Tilbakeført til LNFR frå sist plan
Bustad						
BB11	20		9		11	
BB12	159		143		16	
BB13	9		9			
BB16	14		10		4	
BU2	6		6			
BH1	9	9	9			
<i>Sum bustad</i>	<i>217</i>	<i>9</i>	<i>186</i>		<i>31</i>	
Næring						
NB7	164		148		16	
FB4	5		5			
NL4	12			12		
FU1	8		8			
<i>Sum</i>	<i>189</i>	<i>0</i>	<i>161</i>	<i>12</i>	<i>16</i>	
Offentleg formål						
OB9	23		23			
Prestegarden		-6				6
<i>Sum</i>	<i>23</i>	<i>-6</i>	<i>23</i>			<i>6</i>
Grøntområde						
Re	67		67			
Anna formål						
Idretts- området	100	100	54	46		
Område for råstoffutvinning						
R16	228		86	110	32	
R24	33		30		3	
R26	101			78	23	



Tabell 10: Utbyggingsrekkefølge - bustadområde

Område	Etter 2015	Etter 2018	Etter 2022	Etter 2030	Merknad
BB2			x		
BB3		x			
BB11	x				
BB12				x	Utbyggingstakt min. over 15 år etter 2030
BB13	x				
BU2	x				Maks tre bustader pr. år
BH1	x				Motsegn



6.5 Samfunnssikkerheit

Kraftlinjer

Kraftlinjer gjennom tettbygde strøk på 50 kV og større er kartlagde og lagt inn med omsynssoner i arealdelen.

Fysikkerheit

Noko areal vest for Frøylandsvatnet er berørt av restriksjonsplanen for Stavanger lufthamn, Sola. Der skal det ikkje reisast bygg over kote 150.

Høgste punkt i området er på kote 54. Sidan det ikkje er aktuelt å etablera busetnader og anlegg med høgde over 96 meter her, er restriksjonar ikkje omtalt i føresegne og retningslinjene til arealdelen.

Flaum, overvatn og demningar

I føresegne og retningslinjene til arealdelen er det lagt inn nødvendige føringer for handtering av flaumfare, overvassutfordringar og demningar ved utbygging av aktuelle område.

Erosjon

Risiko for erosjon må vurderast ved alle større bygg, anleggstiltak og masseuttak. Erosjons-utsette område i Time har me ved Frøylandsåna (kring Stemmen), i Njåbekken, gjennom og nedstraums Lyefjell, og i Salteåna.

Risiko- og sårbarheitsanalyse av nye område

Fareområde som resultat av ROS-analysen er synleggjort i arealdelen, og dessutan i føresegne og retningslinjene til arealdelen.

6.6 Naturforvalting

Geografisk lokalisering og mildt klima fører til at Jæren og Time er særskilt leveområde for mange planter, fuglar og dyr, som er sjeldne eller ikkje finst elles i landet.


Når Time samstundes har stor folkevekst og eit aktivt jordbruk med utvikling mot større einingar og meir effektive driftsformer, står god naturforvalting overfor store utfordringar.

Kommunen vil ha fokus på verdfulle naturområde som ligg slik til at risikoen for omdisponering eller annan skadeleg påverknad er stor. I arealkartet blir eit utval særskilt naturområde markert med omsynssone. Det gjeld Mossigemarkene/Lendemyrane, den vestlege fjellsida av Njåfjellet, Herigstadmyra, myra ved utløpet av Eivindholstjørn, standområda langs Frøylandsvatn på Serigstad og Hanalandstjørn på Re. Desse kjem i tillegg til dei områda som er sikra gjennom naturvernlova.

Saman med Hå, Klepp og Sola har Time tatt initiativ til eit prosjekt for å sjå på om det kan leggjast til rette for oppleveling av det rike fuglelivet på Jæren på måtar som samstundes ivaretak vern og ulike andre omsyn.

Det regionale samarbeidet i aksjon Jærvassdrag og føringer i vassforskrifta, som kjem i planperioden, vil vera sentrale i arbeidet for å betra vasskvaliteten, med tiltak særleg innanfor avløpssektoren og jordbruket.

Vassressurslova inneheld krav om å oppretthalda eit belte med naturleg kantvegetasjon langs alle vassdrag med årssikker vassføring. Kommunane er delegert mynde til å vedta breidda på denne i



overordna planar. I føresegne til kommuneplanen sin arealdel er det lagt inn tre meter som minste breidde på slik kantvegetasjon.

Alle vassdrag i Time, med unntak av Salteåna, er verna mot kraftutbygging. Forvalting av desse vassdraga skal gjennomførast i samsvar med ”Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag”. Den tilhøyrande vassdragsnaturen, ”vassdragsbeltet”, som hovudregel areala langs vassdraget i ei breidd på 100 m på kvar side, er vist i arealkartet som omsynssone. Håelva og Figgjoelva er frå 2009 mellom dei nasjonale laksevassdraga der forvalting og sikring av villaksen skal ha særleg høg prioritet.

Kulturminneplanen for Time 2008 – 2019 inneholder føresegner og retningslinjer for regulerings- og saksbehandling som vedkjem høgt prioriterte kulturminne. Dei prioriterte kulturlandskapa er lagt inn som omsynssoner i arealdelen.

Jordbruksareal i god klimasone er det viktigaste naturgrunnlaget for framtidig matproduksjon. Kommunen vil generelt praktisera ein streng jordvernspolitikk. God matjord er ein viktig naturressurs. Ved utbygging må matjorda takast vare på som ressurs, og ikkje dumpast i deponi. Reglar for deponi av reine massar og handtering av matjord er lagt inn i føresegne til arealdelen i kommuneplanen.

Viktige delar av artsmangfaldet på Jæren er tilpassa det opne kulturlandskapet og kan best takast vare på gjennom tradisjonell jordbruksdrift. Kommunen vil oppmota bønder til å ta i bruk ulike tilskotsordningar for skjøtsel av verdfulle kulturlandskap. Ved all tilrettelegging for friluftsliv skal kommunen ta omsyn til sårbare arter og naturmiljø, og styra

trafikk og aktivitetar utanom særleg sårbare område. Eit døme er samarbeid om skånsam tilrettelegging for oppleveling av det rike fuglelivet på Jæren på måtar som både ivaretak vern og ulike andre omsyn. I dei større friområda aust i kommunen (Melsvatn, Sælandskogen/Urådalen, Tjålandsfjella og Synesvarden) skal tilrettelegginga vera enklast mogleg, slik at preget av ”urørt” natur blir halde ved lag. Friluftsområdet Njåfjell/Åsen skal utviklast som regionalt friluftsområde. Sikring av miljøverdiane her bør vega tungt ved val av framtidige veg- og utbyggingsløysingar på Lyefjell.



6.7 Samferdsel

Kollektivtransport

I planen er det vist eit hovudnett for kollektivtransport. Det er og lagt opp til ein mellombels trasé for kollektivtransport i Bryne sør, før Reområdet blir fullt utbygd.

I arealdelen er det sett av areal til eit nytt framtidig togstopp på Håland.

Fv 44

Det er i planen tatt høgde for arealkonsekvensar av ein framtidig firefelts Fv 44.

Gang- og sykkelvegar

I arealdelen er det lagt inn gang- og sykkelvegar langs alle vegar som er vist som hovudrute eller lokalrute i forslag til hovudrutenett. Kva side av vegane gang- og sykkelvegtraseane skal liggja på, blir fastsett gjennom detaljplanlegging.

6.8 Helse i planlegging

Eitt av måla for kommunen sitt folkehelsearbeid er at flest mogleg av kommunen sine innbyggjarar deltek aktivt i samfunnet ut frå eigne føresetnader.

Universell utforming generelt og tilrettelegging av turvegar spesielt er kvar for seg viktige innsatsområde for å få til aktiv deltaking frå alle.

Kommunen har i arbeidet med denne kommuneplanen kartlagt alle private og offentlege turvegar for å få ein oversikt over turvegtilbodet og standarden på vegane. Målet har vore å sikra samanhengande turvegar frå tettstadene og ut til etablerte turområde. Det er i denne kommuneplanen prioritert å leggja inn fem samanhengande turvegtrasear:

- Frå Bryne mot Roslandåna til Klepp grense
- Frå Bryne sørover mot Smokkevatn og Hognestad
- Frå Njåskogen til Lyefjell
- Frå Kvernaland til Njåfjell
- Frå Lyefjell til Melsvatn.


For å gjera turvegane mest mogleg tilgjengelege for folk flest, er det nødvendig med god skilting og informasjon. Dagleg fysisk aktivitet gir stor helsegevinst, fysisk og psykisk.

Kvar tettstad skal ha minst eitt universelt utforma turområde. Kartleggingane viser at målet ikkje er nådd på Undheim, Lyefjell og Hognestad. Framover må det leggjast til rette universelt utforma turområde i alle tettstadene.

Talet på eldre er aukande. Mange ønskjer å bu i eigen heim lengst mogleg. For å få dette til, blir det i større grad nødvendig å stilla krav til utforming av bustadane og tilhøyrande uteområde. Målsettinga må vera at flest moglege nye bustadene har universell utforming. I større grad må me i planlegginga tenkja heilskaplege samanhengar mellom bustader, kollektivtrafikk, servicefunksjonar og uteområde for å sikra tilgang og bruk for flest mogleg.

Folkehelsearbeidet er ei tværfagleg oppgåve for fleire tenesteområde i kommunen. Tiltak og verkemiddel frå helsesektoren utgjer om lag 10 % av arbeidet, mens andre sektorar som kultur, idrett, plan, sosial, skule og barnehage og frivillig sektor står for 90 %. Folkehelse-perspektivet må derfor innarbeidast i alle typar communal planlegging og tenesteutvikling.

Å satsa på skule og barnehage er viktige folkehelsetiltak i eit langtidsperspektiv. Det same er



å tilrettelegga nye og varierte arbeidsplassar. Forsking har vist at helse i stor grad er avhengig av utdanning, inntekt og økonomi. Å skapa ein kultur for læring, i samarbeid med foreldre, slik at flest mogleg av ungdomane fullfører vidaregåande skule, er ein viktig strategi for å nå målet om fleire leveår med god helse i befolkninga.

Folkehelsestatistikken skal brukast aktivt i alle typar planlegging og må oppdaterast og ev. supplerast med jamne mellomrom.

6.9 Barn og unge

Viktige nasjonale mål er å sikra eit oppvekstmiljø som gir barn og unge sikkerheit mot fysiske og psykiske skadeverknader og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetane som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov. Dette avsnittet peikar på kravet til medverknad i utforminga av areal mynta på barn og unge og krav til gode kommunale planleggingsprosessar for å sikra gode fysiske areal til ulike formål for barn og unge på ulike alderstrinn.

Barnetråkkregistreringar er gjennomført i kommuneplanen saman med barn og unge i tettstadene. Forutan å vera eit nyttig opplegg for medverknad frå barn og unge, har formålet med registreringane vore å kartleggja barn og unge sin faktiske bruk av leike- og oppholdsareal, gangvegar og snarvegar. Dette skal sikra at kommunal planlegging har god kunnskap om konsekvensar for barn og unge i situasjonar der barn og unge sine dokumenterte behov for oppholdsareal kjem i konflikt med andre utbyggingsformål.

For å sikra at kunnskapsgrunnlaget frå barnetråkkregistreringane blir vurdert i plan- og

byggesaksbehandlinga i kommunen, er kravet tatt inn i arealdelen sine retningslinjer. Som ein del av forarbeidet til kommuneplanen, er det utarbeidd ein oversikt over leikeplassar og leikeareal i kommunen. Oversikten over leikeplassar og ball-løkker skal ajourførast og nyttast som faktagrunnlag i overordna planlegging.

Kvalitetskrav til leikeplassar og møteplassar er tatt inn i retningslinjene til arealdelen av kommuneplanen. Krav til opparbeiding, grunnarbeid, materialval og rekkefølgjekrav om opparbeiding før bruksløyve for bustadane kan bli gitt, er tatt inn. Det er også med krav om at leikeareal som blir bygd ned grunna anna behov må erstattast med anna areal i nærleiken.

Det må i utbyggingssamanheng leggjast til rette for gode og trygge møteplassar med høve til samhandling mellom barn, unge og vaksne. Nyare forsking har vist at gode og trivselsskapande møteplassar og ferdsselsårer verkar førebyggjande på utviklinga av kriminalitet og mistilpassing hos sårbare barn og barn i risikosona.



7. UTFYLLANDE FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Arealformål i kommuneplanen sin arealdel (§ 11-7)

- Busetnader og anlegg
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- Grønstruktur
- Forsvaret
- Landbruks-, natur- og friluftsformål, samt reindrift
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Omsynssoner (§ 11-8)

- Sikrings-, støy- og faresoner med omtale av fareårsak eller miljørисико.
- Sone med særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller ivaretaking av naturmiljø eller kultur miljø, med omtale av interesse.
- Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova, andre lover eller som er bandlagt etter slikt rettsgrunnlag med omtale av formålet.
- Sone kor gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelda.

I teksten nedanfor har dei juridisk bindande føresegne nene grå bakgrunn. Annan tekst er utfyllande retninglinjer og føringer.

GENERELT

§ 1 Generelt

Kommuneplanen gjeld føre eldre overordna planar, reguleringsplanar og busetnadsplanar. Der det ikkje er motstrid mellom kommuneplanen og eldre planar vil desse supplera og utfylla kommuneplanen.

Ved all planlegging skal det spesielt vurderast:

- Konsekvensar for biologisk mangfald. Kartlegging av viktige område er vist i www.naturbase.no
- Kultur- og fornminne, kartlegging og føringer gitt i kommunen sin kulturminneplan og registreringar på www.kulturminnesok.no. Etter kulturminnelova § 9, jf. § 8, 4. ledd, er det undersøkings- og meldeplikt uavhengig av om kulturminnene er vist i dei aktuelle registreringane.
- Barn og unge sine interesser og deira behov for gode leike og oppvekst-område. Det skal m.a. takast spesielt omsyn til barnetråkkregisteringar der slike er utført. Nye barnetråkkregisteringar bør gjennomførast viss leike- og oppvekstområde kjem under utbyggingspress, og erstatningsareal bør vurderast.
- Tiltak som sikrar at overvassavrenning etter utbygging ikkje blir større enn før utbygging. All utbygging skal ivareta sikker flaumveg, handtering av overvatn og konsekvensar av auka nedbør og erosjon i området og nedstraums. Målingar frå målestasjonen på Lye skal leggjast til grunn. Det skal i størst mogleg grad leggjast opp til lokal fordrøyning av overvatn.
- Universell utforming og konsekvensar for folkehelsa.
- Konsekvensar for energi og klima.



§2 Kulturminne

Automatisk freda kulturminne

Kulturminnestyremaktene har ikkje sagt seg einig i arealbruken på kommuneplannivå. Før område- og detaljplanar kan bli vedtekne, må kulturminnemynnidhetene vurdera om føreslått arealdisponering vil føra med seg konflikt i forhold til automatisk freda kulturminne jf. Kulturminnelova § 9. Dette gjeld alle område i kommuneplanen som ikkje tidlegare er frigitt av kulturminnemyndighetene.

Alle område vist med rune R i kartgrunnlaget skal reknast som omsynssone H730, Område verna med heimel i kulturminnelova.

Nyare tids kulturminne

For bygg, konstruksjonar, anlegg og andre kulturminneobjekt som er omtalte i Kulturminneplan for Time kommune 2008 – 2019, gjeld føresegner og retningslinjer gitt i denne.

§ 3 Krav til samordna planlegging

Område som i planen er vist som friområde eller framtidig friområde skal sikrast gjennom reguleringsplan før utbygging av tilstøytande areal kan setjast i gang.

For framtidige utbyggingsområde som i planen er vist som eitt område, skal det utarbeidast ein samla områdeplan/detaljplan. I tillegg skal fylgjande område planleggjast samla:

- FB4, OB9, BB12 og tilstøytande friområde
- BB2, BB3, OB1 og tilstøytande friområde
- Idrettsområde på Vassbø/Tangen og BB16
- BB7, OB3 og tilstøytande friområde
- NL3 og NL4

BUSETNADER OG ANLEGG

§ 4 Busetnader og anlegg

Tiltaka i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, jf. 21-4, kan ikkje setjast i verk før områda som er sette av til utbyggingsformål går inn i ein reguleringsplan.

Godkjent prinsippvedtak for utbyggingsavtalar i kommunen skal leggjast til grunn for alle utbyggingsavtalar.

Der ikkje anna er fastsett i reguleringsplan, skal garasjebrygg vera i ein etasje, i storleik inntil 50 m², med maks. byggjehøgde på 4,5 meter (3,2 meter med flatt tak). Det er ikkje tillate med ark, kvist, veranda eller liknande. Garasjar/uthus og liknande mindre bygg bør ikkje plasserast nærmare nabogrensa enn 1 meter.

FB2 og FB3 kan berre nyttast til sal av plasskrevjande varer (bilar, motorkøyretøy, båtar og båtutstyr, landbruksmaskinar, trelast, byggjevarer og sal frå planteskular og/eller hageservice).

På FB1 er det tillate med nærservicebutikk med ei salsflate opp til 1000 m². Utover dette er det tillate med handel for plasskrevjande varer som omtalt ovanfor.

På FB4 er det tillate med nærservicebutikk med ei salsflate opp til 1000 m²

På FU1 er det tillate med opp til 3000 m² salsflate.

Alle nye bygg i kommunen bør planleggjast og byggjast som lågenergibygger eller betre, og skal kunna nytta fornybare energikjelder.

Utbygginga i tettstadene skal gjennomførast i samsvar med føringane i Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren.
Det skal stillast krav om støy-, risiko- og sårbarhetsanalyse for alle større utbyggingsprosjekt.

Vern mot støy skal vera tilfredsstillande ivaretatt for alle bustader, kontor, næringsbygg og andre bygg med arbeidsplassar i høve til Miljøverndepartementet sin rettleiar for støy.

Ved planlegging av utbyggingsområde skal det leggjast vekt på redusert transportbehov og tilrettelegging for miljøvennlig transport (kollektiv, sykling og gange). Vidare skal det ved utforming av utbyggingsområde tas omsyn til lokale klimaforhold som vil verka inn på energibruk til oppvarming.

Alle nye bygg med samla bruksareal over 1000 m² skal ha lagt til rette for bruk av fornybare energiformer til oppvarming av bygga.

Ved utarbeiding av reguleringsplanar for nye byggjeområde skal det gjerast greie for korleis deponering av overskotsmasse skal løysast. Før det gis rammeløyve til nybygg, skal det liggja føre godkjent plan for deponering av overskotsmasse frå byggjeområda. Det skal også liggja føre godkjennung av deponeringa etter anna relevant lovverk som t.d. jordlova, lov om forureining m.fl.

Matjord frå nye godkjente byggjeområde skal skiljast frå andre jordmassar, og nyttast som ressurs for vidare matproduksjon i jordbruksområde eller i grøntområde på ein berekraftig måte.

§ 5 Utbyggingsrekkefølgje

Utbygging i område som er sette av til utbyggingsformål, skal ikkje finna stad før tekniske anlegg og samfunnstjenester er etablerte. For dei ulike områda gjeld følgjande rekkekjefølgjekrav:

- BB3 og BB7 skal byggjast ut etter 2018.
- BB11 og BB13 skal byggjast ut etter 2015.
- BB2 skal byggjast ut etter 2022.
- BB12 skal byggjast ut etter 2030 og byggjast ut over minst 15 år.
- BB3 og OB1 kan ikkje byggjast ut før gang- og sykkelveg på sørsida av Nordlysvegen er ferdig.
- BB6 skal ikkje byggjast ut før utviding av Fv 44 er avklart i reguleringsplan.
- På Undheim skal ikkje BU2 byggjast ut før BU1 er ferdig utbygd. BU2 skal byggjast ut med maks tre bustader i året.
- På Lyefjell skal BL2, BL3 og BL5 byggjast ut før BL4.
- På Hognestad skal BH1 byggjast ut etter 2015, og med maks fire bueiningar kvart år.
- NB7 skal byggjast ut etter 2015. I perioden 2015 til 2025 skal maks 50 % av område byggjast ut.
- Ved planlegging av områda NB7, BB12, OB9 og BB13 skal det lagast plan for fordrøyning av vatn til Rekanalen og Roslandsåna.
- FB4, OB9 og BB12 skal ikkje byggjast ut før det er etablert rundkøyring i krysset Fv 44/Orrevegen.

Ved planlegging av områda på Re skal utsikt frå utsiktspunkta i planlagt grønstruktur ivaretakast.



§ 6 Parkering

I bustadområde skal det vera minst 1,5 parkeringsplass for kvar påbegynt 100 m² BRA, og ikkje mindre enn 1,5 parkeringsplass for kvar bustadeining. Det skal avsetjast plass til minst ein garasje for kvar bustadeining over 50 m².

For alle andre formål skal det vera 1,5 parkeringsplass for kvar 100 m² BRA.

For alle område gjeld:

- Minst 5 % av parkeringsplassane skal vera tilrettelagde for rørslehemma.
- Det skal etablerast minst ein sykkelparkeringsplass for kvar 100 m² BRA. Plassane skal etablerast nær inngangspartiet.
- Ved utrekning av BRA som grunnlag for utrekning av parkeringsbehov, skal ikkje areal til parkering medrekna.
- Ved berekning av krav til parkerings-plassar skal berekningsresultata alltid rundast av oppover.
- Parkeringskrav for offentlege anlegg som skular, barnehagar, kyrkjer, sjukeheimar og idrettsanlegg skal vurderast særskild og fast setjast av kommunen i kvart einskilde tilfelle.
- Ved planlegging av fire bueiningar eller meir, skal minst 20 % av plassane vera gjesteparkering.
- For bueiningar over 200 m² er kravet 3 plassar pr. bueining.

Kommunestyret kan fastsetja eigne reglar for ev. frikjøpsordning for sentrumsområdet i Bryne.

Retningslinjer for fortetting, deling og vesentleg ombygging

Retningslinjene peikar på forhold ved prosjekta som kommunen legg vekt på i si saksbehandling der det

ikkje blir stilt krav til detaljplan. Retningslinjene spesifiserer krav til dokumentasjon som må leggjast ved søknaden.

Generelle krav

- Som hovudregel blir det stilt krav til detaljplan ved fortetting med tre eller fleire nye bueiningar. Kommunen kan i særlege høve likevel krevja at tiltakshavar må utarbeida detaljplan for fortetting ved færre bueiningar.
- Retningslinjene skal brukast ved søknader om nybygg, deling eller vesentleg ombygging i bygge-/bustadområde i kommunen.
- Rettleiar ”Grad av utnytting” blir lagt til grunn for måleregler, omgrepssforståing m.m.

Tomtestorleik, tomteutnytting og tilkomst

- For å oppnå gode planløysingar og uteområde, bør tomter og parsellar ikkje vera mindre enn 400 m² for einebustader og 300 m² for samanbygde bustader. Prosent bebygd areal (%-BYA) for slike tomter, bør ikkje vera større enn 40 % for einebustader og 45 % for vertikaldelte bustader.
- Tilkomst skal primært leggjast til interne vegar etter veghierarki.

Reguleringsplan og reguleringsføresegner

- Gjeldande reguleringsplan og reguleringsføresegner blir lagt til grunn for godkjenning av prosjektet.

Forhold til naboar

- Innsyn, utsikt og solforhold på naboeigedom skal vurderast. Kommunen vil avslå fortettingssøknader som får vesentlege negative konsekvensar for naboeigedom.

Krav til dokumentasjon

- Sol- og skuggevurderingar, snitt og ev. fasadeopprikk som viser konsekvensar for tomta og på naboeigedomar.
- Utomhusplan i 1:200 som viser bygg, tilkomst, parkering og uteopphold.

Universell utforming

Prinsippa for universell utforming skal leggjast til grunn for all byggjeverksemd i kommunen. Vidare skal universell utforming vurderast i alle plansaker, uavhengig av plannivå.

I alle reguleringsplanar (og ved utbygging som omfattar meir enn tre bueiningar), skal minst 40 % av nye småhus, herunder einebustader, to-til firemannsbustader, rekkehus og kjedehus, ha alle hovudfunksjonar på inngangsplanet, og dermed bli tilgjengelege bueiningar i samsvar med teknisk forskrift (TEK10). Med hovudfunksjonar meinast stove, kjøkken, eitt soverom, bad og toalett.

Planforslaget skal visa kva for bustader som skal vere tilgjengelege. Unntak kan i særskilde høve gis. Alle nye bygg, ombyggingsprosjekt og nyetablerte uteområde skal i størst mogleg grad utformast i tråd med gjeldande kommunale rettleiarar for universell utforming.

§ 7 Leik og opphold

Ved planlegging av nye bustader gjeld følgjande:

- Sandleikeplass: 150 m². Desse skal plasserast med synskontakt frå bustad og vera trafikksikre. Sandleikeplass skal vera maksimum 50 meter frå bustad og kan vera felles for inntil 25 bueiningar.
- Kvartalsleikeplass: 1500 m². Desse kan vera etablerte som ein del av overordna grønstruktur. Kvartalsleikeplassen kan vera inntil 150 meter frå bustadene, og skal vera felles for 25 - 200 bueiningar.
- Ballfelt: 2500 m². Desse kan vera etablerte som ein del av overordna grønstruktur.

- Ballfeltet kan vera inntil 400 meter frå bustadene, og skal vera felles for 150 - 600 bueiningar.
- Sentralt leikefelt: 6000 m². Desse skal ha god tilgjenge, og skal vera felles for 150 - 600 bueiningar.
- Leikeplassar skal ha sol på minst 50 % av arealet ved jamdøgn kl. 15.
- Areal brattare enn 1:3 kan ikkje reknast som leikeareal.
- Leikeplassar skal vera opparbeidd før bruk sløyve for bustad blir gitt.

Ved fortetting med 3 - 6 bueiningar skal det vera leikeplass på minimum 50 m². Er det offentleg leikeplass nærmare enn 50 meter fell kravet bort.

Det skal vera minimum 50 m² solrikt uteoppaldsareal pr. bueining. Einebustader og vertikaldelte bustader skal ha dette arealet på bakkenivå og med minimum 8 meter djupne.

Opparbeiding av leikeplassar, grunnarbeid, materialval osb., skal følgja dei tekniske normene utarbeidd av kommunen.

Alle innbyggjarar skal ha tilgang på minimum tre km turveg i naturprega omgivnader maksimum 500 meter frå bustaden sin. Alle nye bustader skal ha eit større friområde innanfor ein avstand på maksimum 500 meter.

I alle nye utbyggings-/transformasjonsområde skal det etablerast ein intern grønstruktur som blir knytt til den overordna grønstrukturen.

Alle barneskular og barnehagar skal ha ein kort og trafikksikker tilkomst til den overordna grønstrukturen.



§ 8 Skilt og reklame

Alle former for skilt og reklameinnretningar er søknadspliktige. Skilt og reklame må ikkje hindra tilgjenge, trafikktryggleik eller viktige siktlinjer i byen. Skilt- og reklameinnretningar skal ta omsyn til og underordna seg området sin karakter og byrommet/bygget sine dimensjonar og utsjånad, og skal ikkje verka skjemmande på omgivnadene. Blinkande eller beveglege skilt/reklameinnretningar er ikkje tillate.

Det kan berre tillatast eitt skilt med verksemda sitt namn/logo pr. verksemd pr. fasade, unntatt fasadar lengre enn 30 meter kor det kan tillatast to skilt pr. verksemd pr. fasade. Skilt skal plasserast mellom 1. og 2. etasje eller på 1. etasje. I tillegg kan det tillatast eitt uthengsskilt pr. verksemd pr. fasade som kan stikke maks 1 meter ut frå fasaden. Avstand frå skiltet sin underkant til bakken må vera minimum 2,20 meter.

Kommunen kan krevja ein samla skiltplass for eit område kor fleire verksemder er lokalisert.

§ 9 Råstoffutvinning

Drift av områda som er sette av til råstoffutvinning, kan ikkje setjast i verk før områda går inn i ein reguleringsplan. Ved etablering av masseuttak skal det etablerast sedimentasjonsbasseng for arealavrenning frå uttaksområdet.

Etter uttak skal arealet tilbakeførast til LNFR- område på ein måte som tek omsyn til både landskapsbilete og framtidig landbruksdrift.

For masseuttaka på Kalberg er det ikkje tillate å nytta Kalbergvegen som tilkomstveg.

Før R26 ved Taksdalvatnet kan utvidast, skal dei ulike tilkomstalternativa vera vurderte og avklarte.

§ 10 Andre typar busetnader og anlegg

I området sett av til kolonihage ved Skotjødna kan det etablerast inntil 51 parcellar med bygg inntil 35 m². Tiltak kan ikkje setjast i verk før området går inn i ein reguleringsplan.

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 11 Samferdsel

Langs Fv 44 er det ikkje tillate med tiltak som er i strid med planlagt utviding til firefelts veg med tilhøyrande gang- og sykkelvegar.

Etter at det er bygd ny bru på Undheim over Undheimsåna, skal eksisterande bru tilbakeførast og nyttast som bru for gåande og syklande.

Det skal sikrast areal til framtidig togstopp på Håland.

Kva side av vegen dei planlagde gang- og sykkelvegtraseane skal liggja på, skal avklarast i den vidare detaljreguleringa.

For dei viste traseane for omlegging av Fv 505, tverrsambandet Fv 505 – E 39, ny veg Kvernaland – Lye og trasé over Fjermestad, skal endelig trasé fastsetjast i seinare planarbeid.

GRØNSTRUKTUR

Framtidige grøne område skal sikrast gode soltilhøve, varierte opplevelingar og høveleg lokalisering. Alle hovudturvegar og spesielt attraktive turmål skal vera tilrettelagde for alle brukargrupper.

Dersom det er nødvendig, skal det gjennomførast støydempande tiltak i samband med utbygging nær grønstrukturen. Støynivået i grønstrukturen skal så

langt det er mogleg ikkje overstiga 55 dB. Ved all regulering av område kor det finst lukka bekkar, skal muligheita for gjenopning vurderast.

I reguleringsplanar som har friområde som formål, skal det stillast krav om godkjend opparbeidingsplan.

For dei viste turvegtraseane langs Roslandsåna og frå Kvernaland til Njåfjell, skal endeleg traseaval fastsetjast i samarbeid med grunneigarar. Roslandsåna går på begge sider av kommunegrensa, og kommunane Klepp og Time må samarbeida om traséframføringa.

LANDBRUKS-, NATUR-, OG FRILUFTSFORMÅL, SAMT REINDRIFT

§ 12 Landbruks-, natur-, og friluftsformål, samt reindrift

I kjerneområde for landbruk er det ikkje tillate å føra opp bygningar med mindre dei er knytte til stadbunden næring. Det same gjeld etablering av og frådeling til slike formål.

Bustadhus i LNFR-områda kan vera maksimum 200 m² BYA, og med utnyttingsgrad på maks 30 % BYA. Ved oppføring av nye bustadhus i LNFR-områda skal det takast omsyn til eksisterande bygningar og omkringliggjande landskap med tanke på form, høgde og takvinklar.

Bustader på frådelte tun kan utvidast og byggjast om i tråd med føresegne for bustadhus i LNFR-områda, dersom eigedomen ikkje er omfatta av ei omsynssone og ikkje ligg nær registrerte kultur- og fornminne. Frittliggjande garasjar, uthus og liknande kan samla utgjera inntil 50 m² BYA i tillegg til bustadhuset.

I LNFR-områda er det berre tillate å ta ut masse til eige bruk, som til dømes til det behovet som følgjer av vanleg landbruksdrift på ein eigedom, så lenge uttaket ikkje fører til vesentlege endringar av terrenget.

All massedeponering i LNFR-områda er søknadspliktige. Regionale grøntdrag og restareal i kjerneområde landbruk, som myr, ugjødsela beite, våtmark og liknande som er viktig for biologisk mangfald, vasskvalitet, rekreasjon eller andre miljøverdiar, skal ikkje brukast til deponering av massar.

Ved tiltak i LNFR-områda skal kulturminnestyremaktene vera høyringsinstans.

§ 13 Fritidsbustad

I område ved Fjermestadvatnet er det tillate å føra opp to fritidsbustader med eit bruksareal på inntil 75 m².

I resten av kommunen er det ikkje tillate å føra opp ny fritidsbusetnad eller foreta vesentleg utviding (utviding med areal større enn 10 m²) av eksisterande fritidsbusetnad.

I LNFR-områda er det eit overordna mål å ta vare på større samanhengande jordbruksområde. I kulturlandskapet skal det stimulerast til skjøtsel og omsyn til kulturminne og kulturmiljø.

Kantvegetasjon langs vassdrag og i randsoner mot jordbruksområde skal takast vare på.

Bruk av eksisterande bygg

Det kan gis dispensasjon til å nytta eksisterande bygg til anna næringsverksemd dersom fordelane ved å dispensera er større enn ulempene i ei samla



vurdering. Etableringa må ikkje føra til trafikk som vil vera til vesentleg blempe eller føra til farlege situasjonar. Som hovudregel må aktiviteten gå føre seg inne i eksisterande bygningar.

I kjerneområde og område av særleg stor verdi for landbruk er det eit krav at næringsverksemda er retta inn mot det tradisjonelle landbruket og ikkje er publikumsretta. Utviding som fører til behov for større areal, vil ikkje bli akseptert i kjerneområda.

Frådeling

Ved bruksrasjonalisering kan frådeling vurderast tillate om:

- driftsgrunnlaget ikkje talar for ei framtidig sjølvstendig drift
- inngått kjøpsavtale resulterer i at arronderinga blir god/optimal

Det er ønskjeleg med felles eigedomsgrense.

Frådeling bør ikkje tillatast om det kan resultera i vesentleg meir trafikk på offentleg veg.

Ved frådeling i kjerneområde og område av særleg stor verdi for landbruket, skal tomta ikkje inkludera landbruksareal, driftsbygningane skal følgja landbruksarealet og det skal setjast krav om riving dersom driftsbygningen er i dårlig stand. Kostnaden ved riving bør liggja hos seljar, eventuelt som avslag i jordpris.

Ved frådeling i dei andre LNFR-områda skal den fråskilte tomta ha ei naturleg avgrensing, driftsbygningane bør fylgja landbruksarealet og tomta skal ikkje inkludera jordbruksareal.

OMSYNNSoner (§ 11-8)

På plankartet skil den nye plan- og bygningslova mellom arealbruksformål og omsynssoner. Omsynssonene seier noko om kva omsyn kommunen må ta når arealet skal brukast til det formålet det er lagt ut til i planen. Omsynssonene kan gå på risiko for flaum og rasfare, kulturminne, naturmangfald osb.

Vedtak etter andre lover for arealbruk kan også visast som omsynssone.

SIKRINGS-, STØY- OG FARESONER MED OPPLYSNING OM FAREÅRSAK ELLER MILJØRISIKO

§ 14 Flaumfare (H320)

Ved planlegging av tiltak skal sikkerheitsnivået for nye bygningar vera tilsvarende høgda for 200 års flaum, jf. NVE si retningslinje 1/2008. Sikkerheit mot flaum i tråd med NVE sine retningslinjer må avklarast konkret i reguleringsplan for dei aktuelle områda.

§ 15 Høgspenningsanlegg (H370)

Før det blir gitt løyve til frådeling eller bygging, skal det gjennomførast ei kartlegging av strålingsfare og magnetfelt, som skal leggjast til grunn for vurdering av tiltaket.

§ 16 Nedslagsfelt for drikkevatn (H110)

Fårevatn er klausulert etter gjeldande forskrift om vassforsyning og drikkevatn (Drikkevass-forskrifta). Tiltak i området må vera i samsvar med klausuleringo.

Støysoner (H220)

Ved planlegging i desse områda skal støy frå skytefelta vurderast særskilt.



SONE MED SÆRLEGE OMSYN TIL LANDBRUK, REINDRIFT, FRILUFTSLIV, GRØNSTRUKTUR, LANDSKAP ELLER BEVARING AV NATURMILJØ ELLER KULTURMILJØ, MED OPPLYSNING OM INTERESSE

§ 17 Bevaring naturmiljø (H560)

Utbygging, masseuttak eller større terrengeinngrep, samt frådeling til slike formål, kan ikkje finna stad før området inngår i godkjent reguleringsplan.

Dette er omsynssoner som gjeld område med viktige naturtypar eller sårbare og truga artar av nasjonal eller regional verdi, jf. www.naturbase.no og kommunen si eiga naturtypekartlegging.

§ 18 Bevaring av naturmiljø - Område langs vassdrag (H560)

Utbygging, masseuttak eller større terrengeinngrep i vassdragsbelte inntil 100 m frå strandlinja, samt frådeling til slike formål, kan ikkje finna stad før området inngår i godkjent reguleringsplan eller er godkjent etter forskrift om nydyrkning. Langs stranda i alle vassdrag med årssikker vassføring skal det, utanom bymessig utbygde område, vera ei minst tre meter brei sone med naturleg kantvegetasjon langs vass-strengen, målt horisontalt frå vasskanten ved normal vassføring. Denne kantvegetasjonen skal ikkje jordarbeidast, sprøyta, haustast eller gjødslast, jf. vassressurslova § 11.

For verna vassdrag (Figgjo, Orre, Håelva, Bjerkreimsvassdraget og Fuglestadåna) skal dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag leggjast til grunn for ei differensiert forvalting av vassdragbeltet. Verneklassar er vist på kart.

For område i nedslagsfeltet til Figgjovassdraget gjeld Forvaltningsplan for Figgjo etter Vassforskrifta.

Klasse 1: Vassdragsbelte i og nær byar og tettstader som har eller kan få stor verdi for friluftsliv.

Ein må unngå inngrep som vil vera til skade for pedagogiske verdiar, friluftsverdiar, fiske og tilkomst i og langs vassdraget.

Klasse 2 og 2A: Vassdragsbelte med moderate inngrep i sjølve vassdraget, i område med utmark, kulturlandskap og spreidd busetting.

Ein må oppretthalda hovudtrekka i landskapet. Inngrep som endrar tilhøva i kantvegetasjonen langs vass-strengen og i område som er ein naturleg del av vassdragsnaturen, bør ikkje tillatast (Klasse 2). Leveområde for trua plante- og dyreartar og område med rike kulturminne skal særleg skjermast mot inngrep (Klasse 2A).

Klasse 3: Vassdragsbelte som er lite påverka av moderne menneskeleg aktivitet, og difor har stor opplevings- og vitskapeleg verdi.

Ein bør unngå alle former for inngrep og omdisponering av areal i vassdragsbeltet. Vasskvalitet og naturleg vassføring må søkjast oppretthalden, og ein må søkja å unngå alle former for inngrep som reduserer vassdraget sine naturkvalitetar.

§ 19 Bevaring kulturmiljø (H570)

Det er ikkje tillate å utføra tiltak eller arbeid utan særskilt løyve frå kulturminnestyremaktene.



SONE FOR BANDLEGGING I PÅVENTE AV VEDTAK ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA ELLER ANDRE LOVER, ELLER SOM ER BANDLAGT ETTER SLIKT RETTSGRUNNLAG, MED OPPLYSNING OM FORMÅLET

§ 20 Bandlegging i påvente av vedtak (H710)
Arealet i nordaust mot kommunegrensa til Gjesdal kommune er bandlagt i påvente av mogleg vedtak etter ”Lov om fastsettjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova)”, som mogleg utbyggingsområde for Gjesdal kommune. Arealet skal ikkje nyttast til føremål i strid med dette.

Arealet i nord (NK1 og R25) er under regulering til masseuttak. Arealet er bandlagt i påvente av reguleringsplan som vil avklare avgrensing, omfang og tidshorisont for masseuttaket.

**Område verna med heimel i naturvernlova
(H720 -1)**
Det gjeld særskilte verneregler for dei ulike områda. I desse områda må alle tiltak godkjennast av miljøstyremaktene i fylket.

**§ 21 Område verna med heimel i
kulturminnelova (H730)**
Det er ikkje tillate å utføra tiltak eller arbeid utan særskilt løyve frå kulturminnestyremaktene, jf. Lov om kulturminner §§ 3 og 8.

Automatisk freda kulturminne som ligg innanfor område vist som utbyggingsområde (bustad og anlegg, samferdsel og teknisk infrastruktur), skal i samband med detaljplanlegging av området søkjast bevart gjennom omsynssoneregulering i framtidig område-/detaljplan.

SONE KOR GJELDANDE REGULERINGSPLAN FRAMLEIS SKAL GJELDA

§ 22 Sone kor gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelda

Sone H 900 viser avgrensing kor kommunedelplan for Bryne sentrum 2007 – 2018 og kommunedelplan for Frøyland/Kvernaland 2008 – 2020 framleis skal gjelda.



Time kommune

Postboks 38, 4349 Bryne Tlf. 51 77 60 00, Faks 51 48 15 00
E-post: post@time.kommune.no, www.time.kommune.no

Fotografar: Elin Wetås Jara, Sigbjørn Reime, Marianne Høyekvam Grande